



(Foto : Kvinneheringen)


To bilete frå den første museumsdagen i 1984. På trappa ser vi Margreta Dønhaug.

Bakgrunnen for Bygdetunet Rød er eit gåvebrev frå Margreta og Sigurd Dønhaug der dei vederlagsfritt overdreg ei samling antikke og kulturhistoriske gjenstandar til Kvinnherad kommune. Dette var i 1969. Det tok med andre ord 15 år før ein fann ei løysing på plasseringa.

Klikk på bileta så vert dei større.

Bygdetunet Rød vart formelt skipa hausten 1981 då festekontrakt med grunneigar, Leif Magne Framnes, vart underskriven.

Tunet er 2 dekar stort og er ein del av gnr. 121/bnr. 1 på Indre Rød.



Grunneigar Leif Magne Framnes overrekkjer festekontrakt til dåverande ordførar Jens Arnesen.

Bygdetunet Rød vart opna av dåverande ordførar Jens Arnesen søndag 17. juni 1984. Uskedal musikklag spelte og mange gjester og andre møtte fram.

Kvart år etter dette har styret skipa til museumsdag med utstillingar, konsertar, føredrag og andre aktivitetar. Ei storhending var det då Bygdetunet Rød fekk avtale med Hallvard Rød om bruk av den gamle tønneverkstaden nede ved sjøen.

Etter ei omfattande restaurering vart Bøkkerverkstaden opna 17. september 1995. Etter det har ein mest kvart år skipa til Bøkkerveldar og andre tilskipingar i sjøbua.

Av andre store hendingar må vi ta med:

1986: Stallen vert restaurert, vert i dag brukt til lagring av gardsreiskapar

1990: Kverna frå Døssland vert flytta og reist på Rød. Trøskjelaget i Uskedalen vert oppløyst og overdreg trøskjeverket til samlinga på Rød

1993: Åfjordsfæring m/ rigg og segl: Gåve frå Dag Helland. I 2002 fekk vi i gåve ein oselvar frå Einar Lie.

1994: Oppstart av programmet Jul i gamle dagar m/ Tutta Laukholm frå Sunnhordland museum. Har seinare vore eit tilbod til skulane i Kvinnherad. Det same med Eg byggjer meg ein båt.

1996: Atle Fredheim laga avstøyping av klebersteinsform frå Døssland og utvikla ein serie produkt for sal. Gåve til museet frå Torgeir H Myklebust.

1998: Gåve frå Reidar Myklebust, Lars og Per Myklebust: Jordmorutstyr etter jordmødrene Anna Myklebust og Fredsy Myklebust.

2003: Lageret med mange reiskapar vert flytta frå Eikelandet til løa på Rød

2009: Opning av kai v/ Bøkkerverkstaden. 2014: Skjørt på kaien

2011: Ei rekkje gjenstandar: Gåve frå Hilda Guddal

2012: Vedlikehaldsarbeid på stovehuset og stabburet v/ Godtfred Bakke

Dette er berre eit lite utdrag frå 30 års saga.

I neste utgåve av Uskedalsposten vil vi ha eit større innlegg med mange interessante bilete.

4-6



Margretha Dønhaug - gjevar av Dønhaugsamlinga .

(Foto: Kvinnheringen)

Gjevaren av Dønhaug-samlinga, Margretha Dønhaug.

Tekst: Kristian Olav Bringedal
Foto: Arkivfoto frå Kvinnheringen
Nett: Thor Inge Døssland